

Besøksstrategi for Herdla naturreservat

Statsforvaltaren i Vestland

1. INNLEIING OG FØREMÅL MED BESØKSFORVALTINGA

Herdla naturreservat er eit populært besøksmål for folk i heile Bergensregionen, og det er besøkande i reservatet kvar dag heile året. Det spesielle landskapet og naturkvalitetane på Herdla gjer at området er attraktivt for svært mange ulike brukargrupper og området er mykje meir besøkt i dag enn det som var tilfelle når området blei verna. Bruken i området har òg endra seg. Dette kjem i enkelte tilfelle i konflikt med verneverdiane. Særleg fører ferdsle og bruk i mange tilfelle til at fuglane i reservatet blir uroa. Bruken av området kjem òg i mange høve i konflikt med landbruksverksemda som er i området.

For å kunne ta vare på verneverdiane i området ønsker vi å ta tak i dette. Vi har to hovudgrep:

- Vi vil endre på ferdslerestriksjonane i vernereglane for naturreservatet og sørge for meir avgrensa bruk i enkelte område.
- Andre område vil bli betre tilrettelagt. Vi vil òg sørge for meir og betre informasjon til dei som bruker reservatet.

Føremålet med besøksstrategien er å gje besøkande ei god oppleving samstundes som ferdsle i området ikkje skal komme i konflikt med naturverdiane i reservatet og med landbruksverksemd i området.



Figur 1 Flyfoto Herdla naturreservat Foto: Magnus Johan Steinsvåg

Innhold

1.	Innleiing og føremål med besøksforvaltinga	1
2.	Kunnskapsgrunnlaget	3
2.1	Sårbare naturverdiar	3
	Herdla som overvintringsområde.....	4
	Herdla som rasteområde for trekkfugl.....	5
	Herdla som hekkeområde	6
	Anna.....	7
2.2	Dei besøkande	7
	Vassport.....	9
	Turgåing/fugletitting/hundelufting mm.....	10
	Fiske	10
	Annan aktivitet på og i vatnet	11
	Sykling.....	13
	Aktivitet i luftrommet.....	13
	Forsking/Undervisning	13
	Søppelrydding.....	13
2.3	Annan relevant kunnskap.....	15
	Tilkomst	15
	Landbruk.....	15
	Forsvaret.....	15
2.4	Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen (ved behov)	17
3.	Mål for besøksforvaltinga og strategiske grep	17
3.1	Strategiske grep.....	18
4.	Tiltaksplan.....	18
4.1	Endra verneforskrift	18
	Ferdslerestriksjonar i Prestvika-Urdneset [A]	20
	Ferdslerestriksjonar i sjøområdet nord for Herdlevalen, Herdleflaket (B)	21
	Ferdslerestriksjonar i sjøområde mellom Herdlevalen og Lamøy, Lamøysundet, C:	21
	Sykling, riding og bruk av hest	21
	Hund	21
	Vassport.....	22
	Fiske	22
	Aktivitet i luftrommet.....	22
	Søppelrydding.....	23
4.2	Tilrettelegging.....	23

Stisystemet	25
Gjerder.....	26
4.3 Informasjon	28
4.4 Samarbeid med Herdla museum.....	31
5. Tiltakstabell	32
6. Litteratur.....	32

2. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Dei viktigaste verneverdiane på Herdla er at dette er eit særmerkt og høgproduktivt våtmarks- og marint grunnvassområde med eit særleg rikt og variert fugleliv. Her er og verdfulle geologiske førekomstar. Området har naturkvalitetar som er sjeldne i regionen og det finst ei rekke sjeldne og sårbare fugleartar som nyttar området som hekkelokalitet, rasteområde i trekktida og som overvintringsområde.

Naturreservatet er sett saman av ulike naturtypar som dannar livsgrunnlag for dei ulike fugleartane gjennom alle fasar heile året; overvintring, rasting, hekking og næringssøk.

I reservatet sin sjødel er det rik botnfauna. Vidare har vassvolumet ulike fiskesortar og i overgangen til landdelen finn vi den næringsrike fjøra som går over i strandeng. I store delar av reservatet er det grasproduksjon, som gjev næring, hekkeplassar og skjul for fuglane. Etablerte våtmarksdammar gjev eit rikt insektliv som er viktig for nokre fugleartar.

Kartleggingar, i tillegg til kunnskap frå statsforvaltaren sine eigne registreringar, registreringar gjort av NOF (no Birdlife Norway) og tilgjengelege databasar, utgjer kunnskapsgrunnlaget om naturverdiane i området. Både på grunn av den tidlegare forskingsstasjonen og fordi svært mange fugleinteresserte trekk hit er naturverdiane på Herdla godt dokumenterte.

Vi har ikkje ei systematisk kartlegging av bruken av området, men hausten 2020 fekk vi på plass ein ferdselsteljar ved inngangen til området frå Herdla gard. Resultata frå denne blir oppsummert i kapittel 2.2.

Sjølv om dette ikkje har vore tal festa har vi lenge hatt eit godt samarbeid både med bonden på Herdla gard og med Herdla museum, og vi har ei god oversikt over kva som er av ferdsle i reservatet, korleis dette har endra seg, og kva det er ved denne ferdsla som er problematisk.

Samla utgjer dette kunnskapsgrunnlaget i denne besøksstrategien.

2.1 Sårbare naturverdiar

Den endra bruken av området fører til ulike problem for naturverdiar i reservatet og dei fleste trugsmål mot verneverdiane i Herdla naturreservat har utgangspunkt i ferdsle og aktivitetar som medfører forstyrring av fuglelivet. Graden av forstyrring varierer mellom aktivitetar og tid på året.

Herdla naturreservat har i lang tid vore rekna som ein av dei aller viktigaste lokalitetane for fuglelivet i Vestland, og bakgrunnen for at området blei verna i 1980 var for å verne om

fuglelivet. Som overvintringslokalitet for sjøfugl og rasteplass for trekkende vadefugl er Herdla utan tvil det aller viktigaste. Heile 284 fuglearter er rapportert i artsobservasjoner.no (registrert i perioden 2000-2022). Det utgjør om lag halvparten av alle fuglearter som nokon gong er registrert i Noreg. 70 av artene er på den nasjonale raudlista (kategori RE-Regionalt utdødd, CR-Kritisk trua, EN-Sterkt trua, VU-Sårbar, NT-Nær trua og DD-Datamangel).

Herdla er heilt unikt på denne delen av Vestlandet og har nøkkelfunksjonar for ei rekke artar som opptre her.

Herdla som overvintringsområde

Storparten av dei marine nærområda til Herdla er grunnare enn 10 m, og dermed er desse areala svært attraktive for dykkande fuglearter. I desse grunne områda er det store mengder botnlevande blautdyr og fiskeslag lett tilgjengeleg. Dette skapar næringsgrunnlag for mengder av dukkande sjøfugl gjennom haust- og vinterhalvåret inntil vårtrekket tar til og har dermed stor verdi som overvintringsområde.

Det viktigaste området for desse fuglane er Herdleflaket, sjøområdet like nord for Herdlevæien, men det ligg òg betydelege mengder med ender og andre sjøfuglar - først og fremst ærfugl - i det smale og grunne sundet mellom Herdla og Lamøy. Særleg ærfugl kan samlast her i store flokkar for å overnatte, men det kan òg ligge att store flokkar og drive næringssøk heile dagen. Desse treng fred, særleg i vinterhalvåret. Særleg for sjøender er det få alternative lokalitetar, og Herdla er difor eit svært viktig område for desse.



Figur 2. Viktige overvintringsområde.

På Herdleflaket og kringliggjande område overvintrar mellom anna ærfugl (NT), havelle (NT), svartand (NT), sjøorre (VU) og horndukkar (NT). I tillegg er det gode førekomstar av storskarv, måker og gråhegre.

Vi veit diverre at overvintrande sjøfugl som finn næring ute på grunt vatn, tidvis går i garn og ruser som er sett ut i reservatet. Desse artane har hatt ein stor nedgang nasjonalt det siste tiåret. Fiske med stang vil ikkje gje dei samme effektane, men fiskarane vil likevel kunne forstyrre fugl som driv med næringssøk.

Annan aktivitet i dette området vil òg verke forstyrrande på dei overvintrande fuglane. I hovudsak vil dette gjelde båttrafikk og bruk av vasskutarar, men òg windsurfing, kajakkpadling og annan ikkje-motorisert ferdsle vil forstyrre fuglelivet.

[Herdla som rasteområde for trekkfugl](#)

Herdla er eit viktig stopp for trekkfugl mellom Jæren og Møre og dei første trekkarane kjem til Herdla allereie i mars. Særleg om hausten kan det raste store fugleflokkar på den dyrka marka på Herdla. Strendene er òg attraktive for ulike artar vadfugl under trekktida.

I Prestvika har det vore ferdsleforbod (deler av året) sidan området blei verna i 1980, men det er diverre ikkje alle som respekterer dette forbodet.

I landbruksareala er det òg ferdsleforbod i periodane som er viktige for trekkfuglane (jf friluftsløva), men også her opplever vi og bonden oftare og oftare at det er ferdsle utanfor dei etablerte stiane, noko som kan forstyrre fuglane og kanskje skremme dei på vengene før dei har fått lagt seg opp nok energi (sjå faktaboks s. 9). I tillegg er dette uheldig for landbruksverksemda, både med tanke på trakk i område som skal slås, og med tanke på at det kan oppstå konflikhtar mellom besøkande og beitedyr.



Figur 3. I våte periodar kan store flokkar med brushane, heilo og småvadarar som myrsnipe og enkeltbekkasin samle seg her. Foto Lars Ågren

Herdla som hekkeområde

Som hekkeområde har området tradisjonelt ikkje vore like viktig, men vipe (EN), raudstilk og sandlo er no årevisse hekkeartar på Herdla. I 2012 returnerte truleg myrsnipa som hekkefugl (eitt til to par). Det hekkar og 1-2 par med gravand fast ved Herdla, som den einaste plassen fylket.

Vipa er kritisk trua i Norge, men den trivst godt på Herdla! Også her var den fråverande i mange år, men sidan 2009 har bestanden bygd seg opp og etablerte seg etter nokre år på ca 17-19 hekkepar per år. Dei siste to åra har bestanden vore oppe i heile 30 hekkepar!

Dette er ei positiv utvikling for ein art som gjer det dårleg elles. Vipa fekk nyleg status CR (kritisk trua) på Norsk raudliste for artar.

For å bygge opp under dette signerte vi difor i 2020 ei 20-årig avtale med grunneigar om at eit område nordaust for fulgetårnet/Prestvika skal få status som «vipe- område» (sjå figur 4). I dette området skal landbruksverksemd tilpassast slik at området i større grad skal fungere som hekkeområde.

Vipene kjem normalt til Herdla i løpet av mars-april og legg egg i april-mai. Dei etablerer reir i groper på bakken, og dei siste åra har talet på vipar som har gjort hekkeforsøk på dyrkamarka auka. Ein del i område der det er ferdslforbod frå 15. april t.o.m. 30. september og ein del i «vipe-området», men mange reir blir òg anlagt på dyrka mark utanfor dette området.

Vi erfarer diverre at auka ferdsle og annan bruk av området utgjer eit trugsmål mot vipereira og reira til andre bakkehekande artar. Herdlevalen har jamt med besøk og besøkande som går utanfor oppmerka stiar, og hundar som ikkje er i band, eller har for langt band kan forstyrre hekkande vipar og øydelegge reir. Dette er særleg tilfelle om våren, før ordinær landbruksverksemd er i gang.

Ferdsleforbodet, som startar først 15. april, startar og for seint for vipene som etablerer seg alt i mars-april.



- Området kan ikke gyllast i april, men kan gjødsles på ein mer skånsam måte.
- Slått kan tidligst gjennomførast 10. juli, med mindre anna er nærare avtalt med FMVL/Herdla Museum.
- Storfe kan sleppast på beite i området etter at det er slått.
- Området skal gjerdast inn. Herdla gård vil sette opp gjerde og halde desse ved like.
- Avtaleperioden er 20 år, og avtalen kan tinglysast. Etter 20 år er det høve til å reforhandle avtalen for en ny periode.

Figur 4. Område som er sett av som «vipe-prioritert» området med blå farge.

Holmane rundt Herdlevalen var tidlegare tilplanta med framande bartre, og eigna seg lite som hekkeplass. All sitkagran blei fjerna frå Lamøy i 2019, og frå Store Agnøy i 2016, og vi håper no at desse holmane skal bli eigna hekkeområde for sjøfugl og gjæser.


Anna

Oterbestanden har dei siste tiåra tatt seg opp i Hordaland, etter å ha vore nesten borte som følge av høgt jaktpress. Diverre veit vi at oter kan hamne i torskeruser som blir sett ut i reservatet.


2.2 Dei besøkande

Herdla er eit populært utfartsområde for heile Bergensregionen. Området er attraktivt for svært mange ulike brukargruppe, og det er besøkande i naturreservatet kvar dag heile året.

Hausten 2020 fekk vi på plass ein ferdselsteljar ved inngangen til området frå Herdla gård. Tala vi har frå målareren bekreftar det vi har antatt, at området er mykje brukt, særleg i helgene, og særleg når det er fint vêr. Som kjent frå tidlegare år er det og ei auke i bruken av området i påskeveka, og i tida etter påske (figur 6.). Figur 5 syner og at det er stor variasjon i bruken av området, og at det enkelte dagar, truleg dagar med fint vêr i helger og feriar, er svært mange besøkande, medan det andre dagar er lite besøk.



Figur 5. Fordeling av besøkende per dag frå 8. februar 2021 – 7. februar 2022.



Figur 6. Fordeling av besøkende per måned frå 8. februar 2021 – 7. februar 2022.

Forstyrning og effektar på fuglelivet



Effektane av menneskeleg påverknad vil variere med graden av eksponering og kor sensitiv den aktuelle arten eller naturtypen er (Øian m.fl. 2015). Dette varierer mellom artar og tid på året, samstundes som vind, ver og mange andre faktorar spelar inn. Det er med andre ord ikkje slik at all forstyrning påverkar fuglane like negativt. Det er òg slik at ein aktivitet kan vere uproblematisk på ein tid av året, medan den same aktiviteten kan være svært problematisk på eit anna tidspunkt.

Follestad mfl. (2016) viser for eksempel at brettsegling og kiting kan vere forstyrrande for fuglelivet på Jærstrendene, men det er vanskeleg å fastslå nøyaktig kor øydeleggende denne forstyrringa er.

I Spania er det og gjort ei undersøking av korleis menneske, køyretøy og hund påverkar fugl (Kvitbrystlo) langs Middelhavsstrendene. Undersøkinga syner at hund, eller turgåar med hund vil stresse fuglane i langt større grad enn turgåarar utan hund. (Gomez-Serrano 2021)

Det finst mykje litteratur om dette temaet og vi kan ikkje summere opp all relevant litteratur her, men vi legg til grunn at stadig forstyrning i viktige område, i periodar som er viktige for næringssøk eller hekking, i hovudsak ikkje er ønskjeleg i eit naturreservat.

Direkte forstyrning, anten det er årsaka av menneske eller av andre, kan ha ein kostnad. Når fuglar blir forstyrra kan det føre til ein stressreaksjon og auka energibruk, anten dei berre blir årvakne og følgjer med, eller om dei tek til vengene og flyktar.

Flukt kan vere negativt ved at reirplassen blir eksponert, og at både vaksne, ungar og egg blir meir utsett for predasjon. Blir fuglane stadig fortrent frå viktige område for næringssøk vil dette kunne påverke kondisjonen, noko som kan redusere reproduksjonsevna, gjere dei dårlegare rusta for trekket, eller redusere sjansen for å overleve gjennom vinteren.

Stadig forstyrning vil kunne forringe områdenes betydning for fugler ved at de får mindre tid til næringssøk og hvile.

Om du vil lese meir om dette finn du referansar til viktige artiklar i litteraturlista sist i dette dokumentet.

[Turgåing/fugletitting/hundelufting mm.](#)

Som den rikaste fuglelokaliteten i Hordaland er det naturleg at naturreservatet på Herdla tiltrekker seg eit stort tal hobbyornitologar. Kvar dag er det fuglekikkarar i reservatet, og spesielt mange er det i trekketidene. Mange av desse er svært kunnskapsrike, og er med på å bygge opp viktig kunnskap om fuglelivet på Herdla, gjennom mellom anna registreringar i Artsobservasjonar.no. Diverre er det likevel slik at òg nokre av dei som kommer for å studere fuglane på Herdla kan bli for nærgåande, og nokre blir freista til å bryte ferdselsforbodet i Prestvika.

Dette er eit område med flott landskap som òg tiltrekker seg andre besøkande, både gåande, joggarar, og ikkje minst dei som går tur med hunden.

[Fiske](#)

Fisket som skjer ved Herdla i dag er stort sett ulike formar for fritidsfiske. Sportsfiske frå land med stang har tatt seg opp dei seinare åra, både i Lamøysundet og ut mot Herdleflaket. Garnfiske er det mykje av i periodar, både på Herdleflaket og i Lamøysundet. Garnfiske ved Herdla utøvast i hovudsak av et mindre tal privatpersonar frå distriktet. Det dreier seg berre om fritidsfiske.

Det blir og sett ein del torskeruser og krabbeteiner i området (det er sesongbetont).

Det finst ei overnattingsverksemd med båtutleige på Herdla. Denne trekkjer mellom anna gjester som er interesserte i sjøfiske, men gjestane her nyttar i liten grad sjøområdet i naturreservatet.

Fiske, slik det har vore praktisert på Herdla dei siste åra, kan vere problematisk for fuglelivet av fleire grunnar. Vi har tidlegare fått meldingar om havelle, ærfugl og sjøorre som har gått i garn på Herdla og lokalt kan garn utgjere ein stor tapersfaktor for enkelte artar. Setting og tømning av garn vil òg forstyrre fuglelivet.

Bifangst av sjøfugl i ruser er neppe like utbreidd som det er for garnfiske — truleg dreier deg seg hovudsakeleg om eit mindre tal med skarv årleg. Det er imidlertid òg vel kjent at oter kan gå i torskeruser. Oter er i dag etablert både på Agnøyane og på Lamøy. Oterbestanden har dei siste tiåra tatt seg opp i Vestland, etter å ha vore nesten borte.

Teiner er ikkje eit problem når det gjeld bifangst av fugl, men setting, tømning og kontroll med teinene fører til en del uroing i flokkar med sjøorre, ærfugl og andre havender.

I eit avgrensa omfang representerer ikkje fiske med stang frå land eit trugsmål for fuglelivet, men aktiviteten kan bidra til å ekskludere fuglane frå å nytte strandnære areal til næringssøk. Aktiviteten er relativt ny, og har auka dei siste åra, og om dette utviklar seg meir vil også dette kunne bli eit problem.



Figur 7. Her har ein fritidsfiskar fått ei havelle i garnet i Lamøysundet. Foto Terje Haugland (SNO).

Annan aktivitet på og i vatnet


I tillegg til fiske blir vassområda nytta til ulike andre aktivitetar.

Området blir i aukande grad brukt til kajakkpadling, og det blir og i nokon grad nytta av dykkarar, både sportsdykkarar og fridykkarar. Slike besøkande, særleg dei som driv undervassjakt, vil forstyrre både fugl og fisk.

Herdlaområdet er og viktig for ulike vindsportmiljø (vindsurfing og kiting), i første omgang gjeld dette området aust for driftsbygninga (sjå figur xx). Området er særleg viktig for nybegynnarar, og for desse finst det få eller ingen alternative område i nærleiken.

Sjølv Lamøysundet er grunt, og med unntak av kajakkar er det få båtar som beveger seg gjennom her, men på flo sjø vil enkelte båtar kunne gå gjennom. Det same gjeld for vasscootrarar, som vi har sett ei auke av dei seinare åra.

I området nord for Herdlevalen, Herdleflaket, har sjøforsvaret ei forbodssone med restriksjonar på ulik form for ferdsle, noko som avgrensar bruken av området. Forbodet er ikkje alltid respektert, og regelverket blir heller ikkje strengt handheva.



Figur 8. Område som blir mykje nytta til vindsufing og kiting



Figur 9. Bildet viser korleis sjølv ein «fredelig» aktivitet som kajakkpadling har ein effekt på fuglelivet. Biletet er frå Herdleflaket. Foto Ingvar Grastveit

Sykling

Det er i dag ingen restriksjonar på sykling i naturreservatet. Sykling har heller ikkje vore eit stort problem i reservatet, dels kanskje fordi det i dag ikkje er ei funksjonell rundløype på Herdlevalen for sykkel. Bruken av sykkel i reservatet har likevel auka dei seinare åra. Dette kan vere fordi vi har vi oppgradert stisystemet på nokre punkt, vi veit og at det har blitt meir populært med terrengsykling.

Deler av fuglelivet kan i god grad tilpasse seg menneskeleg ferdsel så lenge den er føreseieleg og følger fast trasé, men vil ha vanskelegare for å tilpasse seg raskare forflyttingar som ofte er tilfelle med sykling.

Aktivitet i luftrommet

Så lenge kystfortet på Herdla var i aktiv drift var Herdla ein viktig del av Forsvaret sine aktivitetar i området. Herdla hadde òg status som nødlandingsplass, og vernereglane frå 1980 tok høgde for alt dette, sjølv om flystripa mest blei nytta av småfly til øvingsflyging.

Etter at Forsvaret la ned sin operative aktivitet på Herdla fort, og funksjonen som nødlandingsplass gjekk ut, gjorde vi avtaler med dei to aktuelle flyklubbane om at Herdlevalen ikkje lenger skulle brukas til sivil eller militær luftfart - dette gjaldt både landing og låg overflyging.

Omfanget av slik øvingsflyging har blitt vesentleg mindre etter dette, men har ikkje forsvunne heilt.

Lågtflyging skremmer ofte fugleflokkar på vengene, og i visse situasjonar kan dette òg vere ei utfordring for sikkerheita til dei som flyg.

Dronar representerer ei ny utfordring for fuglelivet i reservatet. Det har vore fleire døme på uvetting flyging, noko som har skapt stor uro blant rastande fuglar. Det same gjeld for modellfly.

Det er òg slik at flyging med dragar, i seg sjølv ein svært uskuldig aktivitet, i dette området vil kunne uroe fuglane på ein uheldig måte.

Forsking/Undervisning

Sjølv om Herdla museum blei bygd som eit krigsmuseum har det og, særleg etter at dei flytta lokalisering, eit stort fokus på dei naturfaglege verdiane i reservatet. Museet har flott utsyn over reservatet, og dei driv aktivt med undervisning av skuleklassar og andre om desse verdiane. Dei har og naturfaglege utstillingar som varierer. Dei har tilsett ein eigen naturretteiar på deltid.

Som del av Havforskningsinstituttet si nasjonale overvaking av lakselus har Norce (Norwegian Research Centre AS) to ruser i Lamøysundet som jamleg blir sjekka med båt. Det er viktig at dette arbeidet kan halde fram slik det er starta opp.

Søppelrydding

Geografisk sett ligg Herdla slik til at store mengder med plast og anna søppel frå Byfjorden samlast opp på strendene, særleg på sørsida av Herdlevalen. Sjå figur 10. Dette kan i seg sjølv eit trugsmål mot fuglelivet, og det har store estetiske konsekvensar.

Av omsyn til fuglelivet er det viktig å fjerne så mykje som mogleg av dette, og dette må gjerast jamleg. Her er det også store mengder rekvad.

Gjennom mange år har det blitt gjennomført ein årlege søppelryddingsaksjon i naturreservatet. Initiativtakarane til aksjonen er Fauskanger skule og Herdla museum, med medverknad frå Herdla gard, Statsforvaltaren i Vestland og Statens naturoppsyn. Aksjonen skjer normalt i mars før fuglane kjem.

Dei siste åra, etter at «plastkvalen» stranda på Sotra, har motivasjonen for å plukke plast i strandsona auka. Vi vil understreke at det er positivt at det er interesse for å fjerne plast og anna søppel frå reservatet, men vi ser at det kan vere trong for å ha retningslinjer knytt til dette, sidan dei som plukkar plast òg må ta omsyn til fuglelivet her.



Figur 10. Kart som syner Herdla si plassering, og som forklarar kvifor det er så mykje marin forsøpling på sørsida av Herdlevælen.

2.3 Annan relevant kunnskap

Tilkomst

Godt tilrettelagt tilkomst til reservatet finst i dag berre gjennom landbrukseigedommen, med tilkomst frå området ved driftsbygningen på Herdla gård. Her er det parkeringsplass til nokre bilar, og Herdla gård har vore velvillig til at eit avgrensa tal brukarar av reservatet parkerer her.

På dagar med mange besøkande kan det nok likevel bli litt kaotisk, og det har tidlegare vore diskutert om det er mogleg å legge til rette for fleire parkeringsplassar her. Det er ikkje enkelt å finne eigna areal til dette i denne delen av reservatet, og det vil derfor vere ei betre løysing om brukarane av reservatet i større grad kan nytte parkeringsplassen som er anlagt oppe ved friluftsområdet.

Det er mogleg å parkere ved friluftsområdet og gå herifrå og ned i reservatet, men dette er ikkje ein godt tilrettelagt veg, og traseen er heller ikkje heilt intuitiv, slik at det er lett å gå feil.

Landbruk


Det er aktiv landbruksdrift i store delar av reservatet, med gjødsling, slått og storfefeite. Sjølv om landbruksverksemda som er i området i dag er viktig for å halde areala opne og attraktive for fuglelivet, er det likevel i nokre område, og for nokre artar, slik at landbruksverksemd ikkje er heilt problemfritt.

Dette er problemstillingar som vil bli handsama i forvaltingsplanen for naturreservatet og ikkje i besøksstrategien, men det er verdt å nemne her at den auka ferdsla i området, samt at besøkande i aukande grad går utanfor dei etablerte stiane i området, òg er eit problem for landbruksverksemda. Det same gjeld problematikk knytt til hundar i reservatet, som kan komme i konflikt med husdyr på beite.

Forsvaret

Framleis er ein stor del av sjøområdet nord for Herdlevælen underlagt restriksjonar som følgje av Sjøforsvaret si forbodssone, sjå figur 11.

I forbodsområda er det forbod mot adgang for uvedkommande, dykking, ankring, sjømåling, fiske og bruk av trål og botnreiskaper i ein kvar form.



Figur 11. Syner sjøområdet som er omfatta av restriksjonar jf. Forskrift om militære forbudsområder innen Sjøforsvaret.

Denne forbodssona overlappar med naturreservatet over Herdlefaket, og det området som er aller viktigast for dukkande sjøfugl på næringssøk. Forsvaret sine restriksjonar er altså i stor grad samanfallande med naturverninteressene i dette tilfellet.

Reglar som gjeld i den militære forbodssona per 30.6.2022:

Forbud mot tilgang til militære forbudsområder innen Sjøforsvaret

Militære forbudsområder fastsatt i [§ 4](#) er forbudt for uvedkommende. Forbudet gjelder ikke for ansatte i Forsvarsdepartementet eller underliggende etater som i kraft av sin stilling har behov for tilgang til områdene. Det er ikke tillatt å dykke, ankre, foreta sjømåling, fiske og bruke trål og bunnredskaper i noen form i områdene, med mindre det er fastsatt noe annet i [§ 4](#).

...

Fartøy kan følge naturlig seilingsled gjennom området

I tillegg har forsvaret eit skytefelt (V12), der dei har rett til å drive med ulik verksemd. Dette feltet vil ligge delvis inne i naturreservatet om det no blir utvida.



Figur 12. Forsvaret sitt skytefelt – V12.

2.4 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen (ved behov)

Når det gjeld aktiviteten som er på Herdla i dag, så er det slik at sjølv om kvar enkelt aktivitet ikkje nødvendigvis er problematisk i seg sjølv, er aktiviteten på Herdla totalt sett langt over det ein normalt vil finne i eit norsk naturreservat. Det høge aktivitetsnivået i området skapar forvaltingsmessige utfordringar, og vi treng å finne den rette balansen mellom bruksinteresser og omsynet til verneverdiane.

3. MÅL FOR BESØKSFORVALTINGA OG STRATEGISKE GREP

Med bakgrunn i det vi veit om situasjonen på Herdla i dag, og eit ønske om at verneverdiane (med hovudvekt på fuglelivet) på Herdla skal ha best mogleg tilhøve, har Statsforvaltaren i Vestland definert følgjande målsettingar for verneverdiane, og for dei besøkande:

- **Mål for verneverdiane**

Verneverdiane i naturreservatet skal utvikle seg naturleg og dei skal ikkje utsettast for uakseptabel slitasje og uroing frå besøkande.

- **Mål for besøkande**

Den besøkande skal få ei god oppleving gjennom godt tilrettelagde ferdselsveggar. God informasjon, skilting og fugletårn med god informasjon skal gje auka kunnskap og auka forståing for fuglefaunaen og dei tilhøyrande leveområda, og for verneregiane.

Eit viktig prinsipp i dette arbeidet er at dersom det er motstridande målsettingar mellom det å ta vare på verneverdiane og det å legge til rette for besøkande og lokal verdiskaping, skal det å ta vare på verneverdiane bli tillagt størst vekt.

3.1 Strategiske grep

Oppsummert kan vi si at den samla belastninga i naturreservatet er langt større enn då området blei verna i 1980, og større enn det som er ønskeleg. Vi ønskjer derfor å gjere nokre endringar i måten området blir forvalta på. Omsynet til verneverdiane skal vege tyngst når vi skal vege ulike interesser opp mot kvarandre, og dette ligg til grunn for dei endringane vi ønskjer for området.

Vi foreslår følgjande strategiske grep:

- 1. Endringar av vernegrenser og verneforskrift for å styre ferdsle og aktivitet i området.**
- 2. Auka grad av tilrettelegging i andre område og endra tilkomstmønster.**
- 3. Dei besøkande må få betre informasjon enn det dei får i dag, og vi treng meir tilsyn med reservatet.**

4. TILTAKSPLAN

Tiltak som påverkar dei besøkande i området er oppsummert her, medan andre aktuelle tiltak er skildra i forvaltingsplanen for området.

4.1 Endra verneforskrift

Kanalisering av ferdsle i området er viktig ut frå både naturvernomsyn og av omsyn til landbruksverksemd i området. Dette vil vi oppnå ved hjelp av tydelege og gode veg/sti-system, gjerder og god informasjon. Vi ønsker òg å endre noko på det som er etablert av soner med ferdslerestriksjonar i reservatet i tillegg til at det som alt finst av restriksjonar må komme heilt tydleg fram til dei besøkande.

I den nye verneforskrifta foreslår vi derfor nye og endra ferdselsregler. Dei nye forbodsonene er nøyte planlagt og baserer seg på dei områda der næringssøks- og hekkefunksjonen er under sterkt press i ulike periodar gjennom året.


I tillegg til forslag om endra ferdslerestriksjonar har vi foreslått ein del andre endringar av verneforskrifta som vil påverke ferdsle og aktivitet i reservatet.

Vi foreslår følgjande område med ferdslerestriksjonar i reservatet.



Figur 13. område der vi foreslår ferdslerestriksjonar

Sone	Teiknforklaring
A	Prestvika. Nærings- og hekkeområde for fugl. Sone med ferdselsforbod heile året.
B	Herdleflaket. Næringsområde for sjøfugl. Sone med ferdselsforbod heile året.
C	Mellom Herdleflaket og Lamøy. Næringsområde for sjøfugl. Sone med ferdselsforbod heile året.
1 (grøn linje)	Gang og sykkelsti. Open for ferdsle heile året, òg for sykklar.



Figur 14. Område som har ferdslerestriksjonar jf dagens vernereglar (sone A, på land)

Ferdslerestriksjonar i Prestvika-Urdneset [A]

I strandareala i Presvika er det i eksisterande verneforskrift innarbeidd ferdselsforbod i perioden 15.4 - 30.9. Av omsyn til hekkande og overvintrande fugl ønsker vi å utvide området med ferdsleforbod slik at dei to ferskvassvåtmarkene med tilhøyrande strandsump blir inkludert heilt i denne sona. I tillegg ønskjer vi å inkludere eit område med dyrkamark i nordaust. Dette området er svært viktig hekkeområde for vipe, og vi har avtale med grunneigar om at dette skal vere eit område som er sett av som «vipeområde», sjå figur 4, og kap 2.

Tilkomsten til det gamle fugleobservasjonshuset på Urdneset er ikkje med i forbodssona. Observasjonshuset skal kunne nyttast som før.

Det er òg behov for å utvide perioden med ferdsleforbod. Viktige fugleartar, mellom anna vipe, er alt på plass, og i gang med å etablere seg 15. april. Vi ser òg at sidan det er lov å ferdast i strandområda gjennom vinteren, så er det mange som ikkje får med seg at det blir iverksett eit ferdsleforbod den 15. april. Om det var forbod mot å ferdast her heile året hadde det gjerne vore lettare å få etablert ein god praksis her.

Sidan desse områda har funksjon for fuglelivet gjennom heile året, og for å gjere det enklare for besøkande å ha oversikt over regelverket, og enklare for forvaltinga å handheve regelverket, ønskjer vi dermed å utvide perioden med ferdsleforbod, slik at dette skal gjelde heile året.

I 2018 blei fugletårnet i Prestvika opna, og fugleinteresserte og andre har no god oversikt over heile dette området frå tårnet, og det skulle dermed vere mindre trong for å bevege seg i desse områda.

Ferdslerestriksjonar i sjøområdet nord for Herdlevaen, Herdleflaket (B)

Det har ikkje vore ferdselsforbod etter naturmangfaldlova i dette området tidlegare, men sjøforsvaret har restriksjonar for ferdsle i dette området.

Området er eit svært viktig nærings- og overvintringsområde for sjøfugl. Fuglane rømmer òg til dette sjøarealet når dei blir skremd andre stader og ser på dette som eit trygt område. Vi ønsker derfor å etablere ei sone der vadefugl og sjøfugl kan få vere i fred, og ønsker at det skal vere ferdsleforbod i dette området heile året. Vi har valt å følgje grensene til dagens naturreservat for å avgrense dette sjøområdet.

Ferdslerestriksjonar i sjøområde mellom Herdlevaen og Lamøy, Lamøysundet, C:

Det har ikkje vore ferdselsforbod i dette området tidlegare, men området er eit viktig nærings- og overvintringsområde for sjøfugl. Fuglane rømmer òg til dette sjøarealet når dei blir skremd og ser på dette som eit trygt område. Vi ønsker derfor å etablere ei sone der vadefugl og sjøfugl kan få vere i fred, og ønsker i utgangspunktet at det skal vere ferdsleforbod i dette området heile året. Det er særleg viktig ettersom vi aksepterer kiting og brettsegling i det tilstøtande området.

Restriksjonane vil ikkje gjelde for brukarane av eksisterande hytte på Lamøy, og heller ikkje for ferdsle i samband med landbruksverksemd i området (til dømes tilsyn med beitedyr og annan aktivitet i samband med landbruksverksemd.

Det er òg unntak for aktivitet i samband med Havforskningsinstituttet sitt prosjekt med nasjonal overvaking av lakselus.

Sykling, riding og bruk av hest

Opprusting og auka tilrettelegging, vil kunne gjere det meir attraktivt for syklende å nytte delar av reservatet. Sidan fuglane har problem med å tilpasse seg raskare forflyttingar som for eksempel sykling (inkl el-syklar), foreslår vi i revidert verneforskrift at sykkel berre blir lov langs den etablerte gardsvegen frå reservatet sin innfallsport og fram mot Paddehola (vist med stipla linje i kartet). Dermed vil for eksempel barnefamiliar som ønsker å sykle fram til badevika nord på Kalsøy kunne gjere det.

Vi ønskjer heller ikkje hestar inne i reservatet, så vi foreslår at hesteriding og bruk av hest skal vere forbode.

Hund

Herdlevaen er i dag nytta til hundelufting i uvanleg stor grad. Som vi har skildra over er dette i dag ei betydeleg ulempe både for fuglelivet og for beitande storfe i området, og vi ønskjer derfor eit totalforbod mot hund i reservatet, sjølv om dei er i band.

Dette er nytt og uvanleg i norske naturvernområde, men fullt i samsvar med vanlig praksis i tilsvarande fuglereservat mange stader i andre land.

Når friluftsområdet på Herdla fort blei oppretta i 2011 var det meininga at dette området skulle avlaste Herdlevaen med tanke på besøkande. Friluftsområdet er no godt tilrettelagt med stor parkeringsplass, og vi oppmodar besøkande med hund om å heller nytte dette området enn naturreservatet.

Askøy kommune arbeider også med å få på plass eit område for hundelufting som skal vere inngjerda, der det vil vere høve til å sleppe hunden. Om dette blir gjennomført blir eit slikt område truleg etablert lenger sør på Askøy.

Vassport

I områda som er viktigast for overvintrande fugl, Herdleflaket og Lamøysundet foreslår vi eit generelt ferdslforbod (inkl. forbod mot padling brettsegling, kiting).

Området sør for restriksjonsområdet i Lamøysundet er eit viktig område for vindsportsmiljøa, men verken vindsurfarar eller kitarar beveger seg inn i området med ferdslforbod.

Ein del sjøfugl brukar områda sør for restriksjonssona og vil dermed kunne bli forstyrra av aktivitet her. Vi vil likevel med denne avgrensinga få beskytta dei aller viktigaste områda for fuglane, medan det området som er viktigast for vindsportsmiljøet vil vere ope for slik bruk. Vi har og inntrykk av at det er mindre fugl som nyttar desse areala dei dagane det er mest vindsport-aktivitet, dvs på dagar med god vind.

Bading blir avgrensa til etablert badeplass på Kalsøy, nordaust for Paddehola og vika ved driftsbygningen til Herdla gard (utanfor verneområdet), i samsvar med dagens praksis.

Når det gjeld dykking, så ønskjer vi eit forbod mot dette i heile området. Det finst mange alternative område for dykkarar, og vi ønsker i størst mogleg grad å avgrense aktivitet i naturreservatet.

Fiske

Med bakgrunn i det som er nemnt over (kap 2.2, side 10), samt det vi veit om sårbare fuglearter og sjøfuglbestandar i nedgang foreslår vi å endre regelverket som gjeld for fiske i reservatet.

- **Garnfiske.** For å motvirke utilsikta bifangst av dukkande fugl i fiskegarn, foreslår vi forbod mot garnfiske i naturreservatet heile året.

- **Bruk av ruse.** For å unngå bifangst av sjøfugl og oter foreslår vi eit forbod mot ruser i reservatet.

- **Teiner.** Bruk av teiner gjev ikkje same bifangstproblematikken som bruk av garn og ruser, og vi foreslår derfor ikkje eit generelt forbod mot krabbeteiner i reservatet. For å unngå at fuglelivet blir forstyrra i samband med setting, tømning og kontroll med teinene vil det likevel ikkje vere høve til å bruke teiner i områda der det er ferdslforbod.

- **Sportsfiske frå land etter sjøaure.** For å unngå at fuglane blir ekskludert frå å nytte strandnære areal til næringssøk foreslår vi at sportsfiske frå land skal vere forbode i heile reservatet.

Aktivitet i luftrommet

Motorisert ferdsel til lands og bruk av dronar, modellfly og liknande er forbode. I forslaget til ny verneforskrift blir all form for øvingsflyging i området, herunder flyging lågare enn 300 moh. forbode.

At vi foreslår standard reglar for norske verneområde når det gjeld lågtflyging er ikkje ei innskjerping, men er i samsvar med praksis som allereie er etablert, sjå kap x.

Søppelrydding

Det er viktig at grupper som skal plukke plast på Herdla på førehand tar kontakt med forvaltingsstyresmakta slik at vi får samordna dei ulike aksjonane. Det er òg viktig at bonden blir varsla om slike aksjonar. Om det skal køyrast bil i reservatet i samband med aksjonen må den som er ansvarleg på førehand ha fått dispensasjon frå verneforskrifta. Slike aksjonar skal ikkje gjennomførast når hekkesesongen er i gang, og gjennomføring må heller ikkje komme i konflikt med jordbruksverksemd i området.

Tiltak:

- **Det skal gjennomførast årlege ryddeaksjonar i regi av museet. Andre aksjonar skal samordnast og dei som skal gjennomføre slike aksjonar må melde frå til Statsforvaltaren slik at vi sikrar oss at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til fuglelivet.**

Tiltak vernereglar:

Verneforskrifta til naturreservatet endrast jf forslag som er lagt ved.

4.2 Tilrettelegging

Når vi aukar graden av restriksjonar i reservatet, er det òg viktig å legge betre til rette i dei traseane vi ønskjer at besøkande skal nytte, både ved dei har ein standard som gjer at dei faktisk blir nytta, og ved tydeleg merking. I tillegg er det viktig at her er gode, logiske traséar og rundløyper.

Nokre svært viktige tilretteleggingstak som har gjort det enklare å ferdast/å styre ferdsla i reservatet er alt gjennomført:

- Fugletårnet som blei opna 19 april 2018, med 360 gradars utsikt til det meste av reservatet, og særleg til Prestvika. Det er montert eit kamera på toppen av fugletårnet, og ein skjerm i første etasje i tårnet. Målet er at vi her skal kunne gje interesserte informasjon om fuglelivet på Herdla, og høve til å sjå område som ikkje er godt synleg frå tårnet på nært hald. Desse skjermene vil og vere tilgjengeleg for rørslehemma som berre kommer seg inn i første etasje, sjølv om ein her ikkje får like god oversikt som i 2. etasje i tårnet. Kameraet er og kopla til ein skjerm på museet og kameraet skal og kunne styrast frå museet slik at dei vil kunne nytte dette i sitt undervisningsopplegg. Dette vil kunne kompensere for at det blir innført heilårleg ferdselsforbod i Prestvika. Tårnet må haldast ved like, og vi må sørge for at det blir tilrettelagt god informasjon til dei besøkande på skjermene som er montert i tårnet.
- I 2013 blei det etablert ny grusveg frå betongplattforma og ut til Urdneset. Denne vegen fekk ofte overvatn og blir var blaut og uframkommeleg. Vi ønskja at denne skulle vere ein naturleg del av ferdslesystemet i reservatet heile året, så i 2020 blei vegen utbetra ved at grunneigar la ned betongelement i dei delane av traseen som var våtast. Dette har fungert bra og denne traseen kan no nyttast gjennom heile året.
- Etablerte gjerder: Herdla gård fikk sett opp eit gjerde rundt forbodssona i Prestvika i 2011. I 2020 blei det òg sett opp gjerde langs vegen som går frå betongplattforma og ut til Urdneset, for å skjerme det nye «Vipe-prioriterte» området.

Det har og skjedd andre viktige endringer i området sidan 2012, som påverkar korleis vi kan forvalte området:

- Herdla fort friluftsområde (figur 16). Herdla fort blei sikra som friluftsområde i 2011 og Askøy kommune har ansvar for å forvalte området. Sidan det har det skjedd mykje i dette området, og området blir i aukande grad brukt av ulike grupper med besøkande. Det er utarbeidd forvaltingsplan for området (Forvaltingsplan Herdla Fort friluftsområde, 2021-2025) Ein ny reguleringsplan som kan opna for auka bruk av bygga på Fortet er òg under arbeid.
- Herdla museum. Etter at museet flytta inn på Herdla fort, har det fått ei heilt sentral plassering jamfør naturreservatet. Museet har og knytt seg nærare opp mot naturreservatet. Dei har faste utstillingar om fuglelivet og dei har tilsett ein naturrettleiar som gjev informasjon om fuglelivet på Herdla til skuleklassar og andre grupper og besøkande, og arrangerer turar i reservatet med guide. I 2012 blei Herdla fuglestasjon oppretta i tilknytning til Herdla museum. Verksemda er et samarbeidsprosjekt mellom Norsk Ornitologisk Foreining (no BirdLife Norway), avdeling Bergen Lokallag og Bergen Ringmerkingsgruppe. Vi har i dag stor nytte av å samarbeide med Herdla museum, både når det gjeld informasjon til besøkande om reservatet og verneverdiane, men òg når det gjeld gjennomføring av ulike viktige tiltak i reservatet.



Figur 15. Grusveg og nytt observasjonstårn Foto: Lars Ågren



Figur 16. Det statleg sikra friluftsområdet, Herdla fort friluftsområde.

Stisystemet

Som nemnt over er det alt gjennomført ein del oppgraderingar av stisystemet, og det finst no eit relativt godt samanhengande stinett, som gjev ein god rundtur i reservatet, og tilkomst til dei viktigaste områda, inkludert det gamle observasjonstårnet på Urdneset (sjå figur 17).

For i enda større grad å kanalisere ferdsla langs stranda i nord til stitraséen kan det vere aktuelt å oppgradere kvaliteten på stitraséen, ved bruk av kloppar ell (sjå orange strek i figur 16). Her trengs det òg informasjon med oppfordring om å halde seg vekk frå stranda i perioden når det hekker sandlo i dette området.

Sidan det er vanskeleg å få plass til fleire parkeringsplassar nede ved dagens tilkomst til reservatet, ønskjer vi å legge til rette slik at brukarane i reservatet i større grad kan nytte parkeringsplassen som er anlagt ved Herdla museum. Her er det opparbeidd ein stor asfaltert parkeringsplass og toalettfasilitetar. Det er sti og traktorveg ned til inngangen til reservatet i dag, men denne tilkomsten er ikkje godt opparbeidd, og den er heller ikkje heilt intuitiv og lett å finne.

Det å utbetre denne traseen er ikkje nye tankar, og Askøy kommune vedtok i 2011 ein plan for dette, plan for Kruhaugen (plan 337 Vegløsning og parkering, Kruhaugen Herdla). Desse tiltaka er ikkje gjennomført.

Vi ønskjer å følgje opp denne tanken. Sidan det no er etablert parkeringsplass oppe ved Herdla museum er det trong for betre tilkomst til reservatet derfra.

Det er tilkomst frå parkeringsplassen og ned til naturreservatet i dag, men denne er ikkje heilt intuitiv, og ikkje alle stader er like godt opparbeidd. Det skal imidlertid ikkje veldig mykje tilrettelegging til før dette blir ein god tilkomst. Bättre skilting og tilrettelegging langs nokre punkt vil betre denne tilkomsten vesentleg.



Figur 17. Eksisterande stiar/vegar i grønt, og punkt der vi ønskjer å oppgradere/tilrettelegge nytt i orange. Stiar som blir nytta i dag, og som vi ønskjer at skal gå ut av bruk er markert med rosa.

For at denne i større grad skal takast i bruk, kan det vere aktuelt med eit skilt til **P – Herdla naturreservat** der tilkomsten til museet tar av frå Herdlevegen.

Om dette i større grad blir nytta som tilkomst til reservatet vil det vere god parkeringskapasitet til alle og det vil bli mindre ferdsle gjennom privat areal inn til inngangen ved Kruhaugen. I tillegg vil det kunne vere meir naturleg for besøkande å nytte fortområdet og friluftsområdet som eit alternativt turmål, særleg til hundelufting.

Når friluftsområdet på fortet blei etablert i 2011, var det tenkt at dette området skulle fungere som avlastingsområde for det meir sårbare naturreservatet. Dette kjem òg fram av forvaltingsplan for Herdla fort friluftsområde (2021-2025), som utarbeidd av Askøy kommune og Herdla museum. I friluftsområdet er det lagt til rette for ei rekke ulike aktivitetar, og det er fleire nye planar under utvikling. Dette området toler ein helt annan bruk enn det naturreservatet gjer.

Gjerder

I nord, ved det gamle fugleobservasjonshuset på Urdneset er det mange som finn det freistande å gå strake vegen sørover, på vestsida av gjerdet som er sett opp mellom dei to fugletårna. Dei får då ein

kortare veg til det nye fugleobservasjonstårnet. Sjølv om det er sett opp skilt på Urdneset er det eit problem i dag at folk brukar denne traseen sjølv i perioden med ferdseforbod.

Om det blir ferdselsforbod i dette området heile året er det derfor ønskeleg å sette opp eit gjerde eller på annan måte gjere det heilt tydeleg at det ikkje er lov til å ferdast her. Dette må gjerast i samarbeid med bonden på Herdla slik at dette ikkje kjem i konflikt med landbruksverksemd i området.



Figur 18. Gjerder som er på plass i området i dag er vist med blått, og område der det er behov for gjerde/avstenging er vist med lilla strek.

Tiltak tilrettelegging:

- Det skal settast opp gjerde ell. ved Urdneset for å hindre ferdse i forbodssona i Prestvika
- Tilkomsten frå parkeringsplassen ved Herdla museum skal leggjast betre til rette.
- Det kan vere behov for ein auka standard på stien langs stranda ved Herdleflaket i nord.

4.3 Informasjon

Når vi no endrar på vernegrenser og verneforskrift treng vi nytt og betre informasjonsmateriale som gjev god informasjon om det som no blir nye reglar for området. Det nye informasjonsmaterialet i reservatet må vere i samsvar med nye malar som er samla i designmanualen for Norges nasjonalparker: <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>, og skal utarbeidast i samråd med kommunikasjonsavdelinga til Miljødirektoratet.

Herdla er mykje brukt av mange, med varierende bakgrunn, interesser og med ulik motivasjon for å bruke området (sjå kap 2.2). Informasjonsbehovet er derfor stort, og det er viktig å utforme informasjonen slik at den når ut til alle desse brukarane.

Det må vera tydeleg skilting ved inngangane til reservatet om kva reglar som gjeld. Det er òg viktig med og god merking undervegs langs stiar/vegar gjennom reservatet, og ved naturlege inngangar til forbodssonene. Besøkande må vite kva som er lov og kva som ikkje er lov, og det må vere heilt klart kor dei kan ferdast og kor dei ikkje kan ferdast.

Forbodssoner med ferdselsrestriksjonar skal vere tydeleg merka. Samtidig er det viktig med god informasjon om naturverdiane og om korfor det er innført nye restriksjonar i ulike område. Vi ønsker å både bruke gjerder og skilt for å gjere det tydeleg kva som er forbodssoner.

Aktørarar i randsona må òg vere godt kjent med korleis dei skal informera dei besøkande om dette, samt at informasjon til fritidsfiskarar, båtfolket og andre vassportutøvarar frå nabokommunar må ivaretakast på ein tilfredsstillande måte. Det kan vere aktuelt å utarbeide ei informasjonsbrosjyre med tydleg informasjon om vegsystem og ferdselereglar.

Fugleobservasjonstårnet blei opna 19 april 2018 og skal gi fuglekikkarar og besøkande moglegheiter til å observere fugl og landskap i eit elles flatt landskap. Herdla museum står no som eigar av tårnet og vil følge opp med nødvendig vedlikehald. Våren 2019 ble det montert eit kamera på toppen av fugletårnet, og ein skjerm i første etasje i tårnet. Målet er at vi her skal kunne gje interesserte informasjon om fuglelivet på Herdla, og høve til å sjå område som ikkje er godt synleg frå tårnet på nært hald. Desse skjermane vil og vere tilgjengeleg for rørslehemma som berre kommer seg inn i første etasje, her får dei ikkje like god oversikt som i 2. etasje i tårnet. Kameraet er og kopla til ein skjerm på museet og **kameraet** skal og kunne styrast frå museet slik at dei vil kunne nytte dette i sitt undervisningsopplegg. Skjermane kan og nyttast til å gje informasjon om reglar som gjeld i området mm.

For å dekke informasjonsbehovet som er på Herdla ønskjer vi òg å samarbeide med Herdla museum (sjå kap 4.4).



Figur 19. Aktuelle skilt i reservatet.

Skilt og plakatar

Farge- kode i kart	Kva	Skiltype
Grønt	Temaplatat ved inngang	Med kart som viser forbudssoner, stitrasé og sykkelvegen og informasjon om hundeforbod
Blått	Temaplatat inne i reservatet	Temaplatat (A3) med informasjon om ferdsel forbod
Rødt	Opplysningsskilt	Informasjon om stisystemet: Sårbart fugleliv og beitande husdyr. Hald deg til stiane!
Lilla	Miniplakat	Infoskilt heilt i nord med informasjon om hekkande Sandlo. Plakaten skal berre stå ute i hekkesesongen
Kvit	Temaplatat	Temaplatat med informasjon om ferdsel forbod i sjø

ANNA – Verneskilt og andre skilt		
Oransje	Informasjon om parkering til reservatet	P – Herdla naturreservat.
Gult	Verneskilt med informasjon om ferdsleforbod	Verneskilt (underskilt med opplysninger om ferdsleforbod heile året)
Anna	Evt merking i sjø –	Lamøysundet – Verneskilt med tilhøyrande underskilt med opplysninger om ferdsleforbod heile året. Festa på bøye i vatnett, synleg for alle passerande med båt, kajakk, vasscootar mm.

Plakattype og størrelse	Antall	Feste	Tema	Pris
Hovudplakat (Grønt)	2	Bruk eksisterende feste ved driftsbygningen. Cortensastål ved p-plass		
Opplysningsskilt (Rødt)	3		Ferdsl	
informasjon om ferdselsforbod/ Miniplakat (Blått)	4	Trestativ/Stein	Av omsyn til fuglelivet er det forbode å ferdast i desse områda heile året: Kart med de tre områda: Presvika, Herdleflaket og Lamøysundet Evt bruke verneskilt med underskilt	
Miniplakat (Lilla)	2	Trestativ/ Stein ell	Sandlo	
Veiskilt (Orange)	1			
Andre verneskilt	2		Ferdsleforbod	
Informasjonsbrosyre			Med informasjon om nye reglar. Kan mellom anna ligge på museet.	

Tiltak informasjonsmateriale:

Når nye vernereglar blir vedtatt må det utarbeidast nye skilt og nytt informasjonsmateriale knytt til reservatet. (jf kap x.x)

4.4 Samarbeid med Herdla museum

Vi har sakna å kunne vere meir til stades i naturreservatet, og vi trur at manglande tilsyn og informasjon har vore med på å bygge opp under ein del av dei problema vi har skildra over.

Statens Naturoppsyn har i dag oppsyn med reservatet og fuglefredningsområdet. Dei har imidlertid ikkje kapasitet til å vere til stades så ofte som vi kunne ønske oss.

Særleg i ein periode etter at ny verneforskrift er vedteken, vil det vere viktig med hyppig tilsyn med området, men først og fremst vil det vere viktig med god informasjon til dei besøkande om dei nye reglane som gjeld. Det er mange som nyttar dette området ofte, og som har etablert ein måte å nytte reservatet på. Det blir dermed viktig å få innarbeida dei nye reglane på ein god måte, og at dette blir iverksett med ein gong nye reglar blir gjeldande.

Herdla museum har tilsette som er på staden kvar dag, og frå museet har dei godt oversyn over reservatet. Dei har god kunnskap om reservatet og verdiane der, og om dei reglane som gjeld for ferdsle. Mange besøkande til reservatet er òg innom museet, så dette vil og vere ein eigna plass å legge ut informasjonsmateriell om ferdselsveggar og fugleliv i reservatet.

For Herdla Museum er reservatet ein viktig del av verksemda. Dei har tilsett «naturretteiar» som er godt kjent med fuglelivet i reservatet til ei kvar tid. Dei formidlar viktig informasjon til dei besøkande om korleis dei bør ferdast i reservatet, og om korfor det er viktig å overhalde dei restriksjonane som er. Om dei hadde hatt ei meir formell rolle knytt til reservatet kunne dei jobba meir målretta med dette.

Det hadde dermed vore svært nyttig om dei tilsette på museet kunne hatt ei formell rolle knytt til reservatet. Dei kunne drive informasjonsarbeid og rettleiing av dei besøkande, informere om ferdsleforbod når det trengs og om andre reglar som gjeld i reservatet, f.eks hundeforbod mm. Dei tilsette på museet kan òg bidra med å oppdatere informasjonen som blir vist på skjermene i fugletårnet.

Når det gjeld tiltak i reservatet, som til dømes bruk av vipediskar når det spreist gylle i hekkesesongen til vipene, er det òg svært gunstig med eit samarbeid med Herdla museum, som har tilsette som skaffar seg oversikt over dei ulike reira og dermed veit kor diskane skal plasserast. I tillegg har dei god oversikt over når arbeidet med gylling er i gang.

På sikt ser vi for oss at Herdla museum kan ha ei rolle som informasjons- og besøkssenter for reservatet. Vi ønskjer derfor å få på plass eit meir formalisert samarbeid med Herdla museum enn det vi har i dag.

Når det gjeld ulovleg ferdsle/tiltak i reservatet er det berre SNO som har heimel til å følgje opp dette. Det er derfor òg ønskeleg med ei auke i tilsyn frå uniformert personell frå SNO i området, særleg i ein periode etter at nye vernereglar blir innført.

Med eit godt samarbeid museet kan vi få følgt opp viktige punkt i besøkstrategien/forvaltingsplanen for Herdla naturreservat:

- Informasjon til dei besøkande om verneverdiar, vernereglar og ferdslereglar i området
- Oppdatering av informasjon i fugletårnet
- Undervisning og informasjon mot skuleklassar og andre som besøker reservatet i grupper.
- Oppfølging av bevaringsmål og andre tiltak som blir iverksett for å ta vare på verneverdiane på Herdla

Tiltak informasjon:

- Vi vil i større grad nytte tilsette ved Herdla museum for å rettleie besøkande i reservatet og gje dei informasjon om verneverdiar og vernereglar.
- Når nye vernereglar blir vedtatt må det utarbeidast nye skilt og nytt informasjonsmateriale knytt til reservatet. (jf kap x.x)
- I ein periode etter at nye reglar er vedtatt for området må det vere auka tilsyn (SNO) med området.

5. TILTAKSTABELL

Tiltak	Når	Ansvar	Kostnad
Verneforskrifta til naturreservatet endrast jf forslag som er lagt ved.	2022/2023	SFVL	-
Det skal settast opp gjerde ell. ved Urdneset for å hindre ferdslø i forbodssona i Prestvika	2023	SFVL	10.000?
Når nye vernereglar blir vedtatt må det utarbeidast nye skilt og nytt informasjonsmateriale knytt til reservatet.	2023	SFVL	
Tilkomsten frå parkeringsplassen ved Herdla museum skal leggst betre til rette.	2024		50.000?
Det skal gjennomførast årlege ryddeaksjonar i regi av museet. Andre aksjonar skal samordnast og dei som skal gjennomføre slike aksjonar må melde frå til Statsforvaltaren	Årleg		-
Vi vil i større grad nytte tilsette ved Herdla museum for å rettleie besøkande i reservatet og gje dei informasjon om verneverdiar og vernereglar.	2022		150.000 pr år
I ein periode etter at nye reglar er vedtatt for området må det vere auka tilsyn med området (SNO).	2022-2024	SFVL/SNO	-

6. LITTERATUR

Artsdatabanken

Byrkjeland, Bibelen

Follestad, A. 2012 Innspill til forvaltningsplaner for Lista- og Jærstrendene: Kunnskapsoversikt over effekter av forstyrrelser på fugler. - NINA Rapport 851. 45s

Follestad, A., Gjershaug, J.O. & Stokke, B. G. 2016 Ferdselsrelaterte forstyrrelser på fugl i Jærstrendene landskapsvernområde. - NINA Rapport 1243. 112s.

Vistad, O.I. 2013. Brettsegling, kiting og surfing på Lista. Særpreget og utfordringar. - NINA Rapport 998. 44s.

Øian, H., Andersen, O., Follestad, A., Hagen, D., Eide, N.E., Kaltenborn, B. 2015. Effekter av ferdsel og friluftsliv på natur. En sammenstilling av nasjonal og internasjonal litteratur - NINA rapport 1182, 77s.

Gomez-Serrano, M.A 2021. Four-legged foes: dogs disturb nesting plovers more than people do on tourist beaches. IBIS, international journal of avian science, 163 s 338-352

Askøy kommune og Herdla museum: Forvaltningsplan Herdla Fort friluftsområde, 2021-2025

Reguleringsplan for Kruhaugen: plan 337 Vegløsning og parkering, Kruhaugen Herdla